



Lars Øyvind Hillestad
Alvervegen 37 B
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/18 - 18/13091

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
23.04.2018

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 137/19 Alversund - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 137/19 med adresse Alvervegen 37 A. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstener i Lindås kommune har De hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 137/19. Som grunneigar har også juridisk ansvar for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Dykk å sende inn årsrapport av anlegg for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømming** av anlegg i 2017
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.
- Kopi av **minst 1 prøveanalyse av utsleppsvatn** (utført av godkjent laboratorie)
- Kopi av tømmeavtale med godkjent tømmevirksomhet

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får god kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av olje på leidningsnett, pumpestasjoner og til reinseanlegg. Olje som vert ført ut på kommunalt anlegg påfører kommunen aukte drifts- og vedlikehalds kostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Lindås kommune har ikkje motteke årsrapport for anlegg dei siste åra. Det er viktig at ein får innarbeida gode vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegget. Dette vil være med på å redusere Teknisk drift, VVA, sitt behov for å føre tilsyn.



Vi gjer merksam på at det er ikkje sendt inn ferdigmelding for anlegg. Ber om at De tar kontakt med røyrleggar for å få sendt inn dette med «as built» teikning som viser kva som er ført på anlegg, samt tilknytningspunkt til kommunalt leidningsnett. VA-kart skal nyttast. Godkjent ferdigmelding for anlegg skal ligge føre før anlegg vert teke i bruk.

Førehandsvarsle om tilsyn:

I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift førehandsvarsle om tilsyn av anlegg ved Alvervegen 37A. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Teknisk drift ber om at kommunen sine skjema vert nytta ved rapportering av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lars Øyvind Hillestad

Alvervegen 37 B 5911

ALVERSUND